

Utdrag av møtebok frå møte i Strandebarm sokneråd.

Møte nr. 6.14

Stad: Strandebarm kyrkjelydshus
Tid: Torsdag 23.oktober kl. 18.30 – 20.45

Sak 37/14. Høyring – Staten og Den norske kyrkje – eit tydeleg skilje.

Ellen la fram eit forslag til høyringsuttale frå Strandebarm sokneråd.

”Staten og Den norske kirke – et tydeligere skille” – høyringsnotat.
Høyringsfrist 1. november 2014

1. Høyringsnotatet legg til grunn at soknet framleis skal vera ei sjølvstendige eining når kyrkja vert etablert som eit nytt rettssubjekt. Dette er me samde i. Det lokale eigarskap til kyrkja er overmåte viktig. Soknet si stilling vis a vis overordna kyrkjelege strukturar må ikkje svekkjast. Strandebarm sokneråd er opptatt av å styrkje soknet som grunneining i Den norske kyrkja, og soknerådet som soknet sitt organ. For at kyrkja ikkje skal stå fram som 1280 ulike einingar er det nødvendig med felles, samlande strukturar. Som Den norske kyrkja sitt øvste folkevalte organ, er det rett at Kyrkjemøtet opptrer på vegne av det sentrale rettssubjektet. Men det er også viktig at det sentrale rettssubjektet ikkje svekkjer soknet si sjølvstende.
2. Me er glad for at høyringsnotatet så tydeleg slår fast at «kommunenens finansieringsansvar overfor kirken foreslås ført vidare». Dette er i tråd med kyrkelova § 15, som i dag er den økonomiske berebelken for den lokale kyrkje. Også når me går inn ei tid med endring av kommunegrensar, er det viktig at dette prinsippet vert slege fast.
3. Arbeidsgjevaransvar for prestar og tilsette i bispedømeråda og Kyrkjemøtet er foreslått overført til ein midlertidig ordning, der Kyrkjemøtet vert øverste arbeidsgjevarinstans for desse. Strandebarm sokneråd er opptatt av trygge og forutsigbare vilkår i samband med verksemdoverdraginga. Alminnelege arbeidsrettsleg lovgjeving må gjelde som i dag (arbeidsmiljølov, arbeidstvistlov, ferielov etc.)
4. Lovfester soknet sin rett til prest. Departementet foreslår å lovfeste soknet sin rett til å bli betjent av prest i Kyrkelova § 2. *”Hvert sokn skal være betjent av prest, hvert prosti av prost og hvert bispedømme av biskop.”*

Ved å lovfeste soknet sin rett til prest stadfestar vi den grunnleggjande strukturen i kyrkja slik den er i dag. Ein slik paragraf i kyrkelova stadfestar også kommunen si plikt til å finansiere den lokale kyrkja.

5. Opplysningsvesenets fond bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, noko anna ville vera heilt uakseptabelt.
6. For øvrig undrar det oss at ikkje desse høyringsnotata også finst på nynorsk.

Vedtak: Strandebarm sokneråd vedtek høyringsuttalen og vidaresender den vedlagte høyringsuttalen til kulturdepartementet.